

# Tilskot til sogelag/historielag og lokalhistorisk arbeid

## - søknadsskjema

Send skjema til Hordaland fylkesarkiv, P.B. 7900, 5020 Bergen, eller [fylkesarkivet@hfk.no](mailto:fylkesarkivet@hfk.no) innan **15. mai 2016**.

Kontaktperson: Anne Aune, [anne.aune@hfk.no](mailto:anne.aune@hfk.no), 55239956

1. Søkjar		
Namn på søkjar:	Hordaland sogelag	
Organisasjonsnr:	988 237 922	
Kontaktperson:	Mikal Heldal	
Adresse:	Lerkeveien 13, 5097 Bergen	
Telefon:	48096673	E-post: <a href="mailto:mikal.heldal@uib.no">mikal.heldal@uib.no</a>
Skattekommune:	Bergen	
Medlemstal:	Ca 4.500	

2. Søknad		
Totalbudsjett:	15.000	Søknadssum: 10.000
Tidsskrift/publikasjonar: Temahefte om fiske og fangst		
Skisse for prosjektet:		
<p>Lokale sokeskrift frå meir enn 100 år attende i tid inneheld utruleg mykje stoff av kulturhistorisk høg verdi. Hordaland sogelag har ei tid arbeidd med å få noko av dette samla tematisk, slik at det kan verta utgjeve. I eit forsøksprosjekt vil me gje ut eit hefte om fangst og fiske.</p>		
Mål og framdriftsplan for prosjektet:		
<p>Målet er at me i 2017 skal få utarbeidd det materialet som føreligg til eit trykkeklart manus. Det står att litt arbeid med skanning av tekst – og noko arbeid med biletmateriale. Dette skal verta klart hausten 2016/ våren 2017. Søknaden er mest innretta på at me må ha litt profesjonell hjelp til dette arbeidet. Hordaland sogelag stør dette arbeidet slik at me har økonomien sikra med ei løyving frå fylket på kr 10.000.</p>		

3. Sammendrag av prosjektet (minimum 10 linjer):
<p>Fiske og fangst har hatt ein stor plass i næringsgrunnlaget i bygdene våre gjennom tidene. For 60 år sidan var det t.d. eit stort tal brislingbruk i distriktet – kasting, låssetjing, orkasting og opptak – mykje av dette er framandord for dei som veks opp i dag. For ikkje å snakka om brugdefangsten som vart driven frå Austevoll for kring 200 år sidan – og som vel var den tidlege oljeindustrien i landet. Størjefangsten var også viktig i lange periodar – den er no så vidt i gang att. Forvitnelege soger om størjefangst med dynamitt kjem til å krydra dette heftet.</p> <p>Fiske etter hummar var og ei stor næring – mest til eksport – særleg til Holland. Dei sende opp dei sokalla «humrabussette» som henta levande hummar frå hummar-parkane i ytre Sunnhordland. I det heile er det eit stort og mangfaldig stofftilfang til dette heftet. Det er litt knapt med stoff om fiske i ferskvaten, men eit par artiklar frå Vossetraktene bøter på dette. «Heimefiske» er eit omgrep om småfiske frå open båt – til husbruk og småsalg – og dette får også sin plass. Den tidsbolken me hentar stoff frå omfattar skifte i driftsformer – t.d. overgangen frå landnot til snurpenot og frå bomullsnott til nylonnot. Dette bar med seg store omveltningar. Det er ikkje mange gamle nohengjer å sjå langs strendene i desse dagar.</p>

*Søkjara som får innvilga tilskot, skal levere rapport for prosjektet innan 31.12.2016.*